

# Prop. 18 L

(2009–2010)

## Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

### Endring i akvakulturloven

*Tilråding fra Fiskeri- og kystdepartementet av 16. oktober 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

#### 1 Samandrag og bakgrunn

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår å endre akvakulturloven slik at det kan takast vederlag også for auka produksjonskapasitet for gjeldande løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure.

Regjeringa vil ha ein moderat vekst i produksjonskapasiteten for laks, aure og regnbogeaure i 2010. Veksten skal takast ut i form av auka produksjonskapasitet for gjeldande løyve. Regjeringa ønskjer at tilbodet om auka MTB skal giast mot vederlag til staten.

I 2001 vart den dåverande oppdrettsloven endra slik at det skulle vere mogleg å ta vederlag for nye lakse- og aureløyve. Dette er vidareført i akvakulturloven. Grunngjevinga for å ta vederlag er at når oppdrettaren blir tildelt eit løyve som kan seljast, og har ein verdi i andrehandsmarknaden, er det rimeleg at samfunnet (staten) får noko tilbake i form av vederlag. Dette har skjedd ved tildeilingane av nye løyve i 2002, 2003, 2006 i Finnmark og i 2009. Desse omsyna gjeld også ved ein auke av storleiken på gjeldande løyve som regjeringa legg opp til i 2010. På denne bakgrunn foreslår departementet at akvakulturloven blir endra slik at det kan takast vederlag for auka produksjonskapasitet ved gjeldande løyve.

#### 2 Gjeldande rett. Innhaldet i høyringsutkastet

Akvakulturloven gir heimel til å ta vederlag for nye lakse- og aureløyve. Akvakulturloven fastset ikkje ein absolutt storleik på løyvet. Det inneber at det er mogleg å auke storleiken på nye løyve utover det nivået vi har i dag, som går ut på at kvart løyve er avgrensa av maksimalt tillaten biomasse (MTB) – 900 tonn i Troms og Finnmark og 780 tonn i resten av landet. Loven er heller ikkje til hinder for å auke storleiken på gjeldande løyve, dvs. auke av MTB i det enkelte gjeldande løyvet. Det lova ikkje gir heimel til i dag, er å ta vederlag for å auke omfanget av eit gjeldande løyve.

#### 3 Høyringsinstansar

Lovforslaget vart sendt på alminneleg høyring 18. august 2009, og følgjande instansar har gitt fråsegn:

Finansdepartementet  
Fornyings- og administrasjonsdepartementet  
Justis- og politidepartementet  
Kommunal- og regionaldepartementet  
Nærings- og handelsdepartementet  
Fiskeridirektoratet  
Kystverket

Troms fylkeskommune  
Sør-Troms Regionråd  
Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening  
Norske Sjømatbedrifters Landsforening  
LO v/Felles forbundet  
Finansnæringens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen

Kopi av høyringsfråsegnene og liste over høyringsinstansane vil bli sendt Stortinget som utrykte vedlegg til proposisjonen.

## 4 Innspel frå høyringsinstansane

Alminneleg høyring av forslaget til endring i akvakulturloven vart avslutta 29. september 2009. Nedanfor gjer vi greie for hovudelementa i høyringsfråsegnene.

Dei fleste *høyringsinstansane* er positive til forslaget. *Felles forbundet* uttalar at:

«Når en oppdretter blir tildelt ei løyve er det rimelig at samfunnet får noe tilbake i form av et vederlag.»

*Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening* «er kritisk til at havbruksnæringen i motsetning til andre næringer skal betale for vekst og utvikling. FHL ser imidlertid ingen prinsipiell forskjell på salg av nye konsesjoner og salg av økt MTB-volum.» Dei uttalar vidare at:

«FHL deler derfor Regjeringens oppfatning om at det bør kunne kreves vederlag også for vekst i form av økning i MTB.»

*Norske Sjømatbedrifters Landsforening* meiner at ein auke i MTB «må gis vederlagsfritt», og uttalar vidare at:

«Endring av produksjonsvilkår knyttet til konsesjonene, som for eksempel økning i fôrvoter eller økt MTB, har ikke tidligere vært sett på som en ny rettighet, og derfor heller ikke vært heftet med vederlag. NSL ser ikke at det finnes argumenter for at dette bør endres ved en økning i MTB for 2010.»

Fleire *høyringsinstansar*, mellom anna *Troms fylkeskommune* og *Sør-Troms Regionråd*, er ikkje negative til prinsippet om vederlag for auka MTB, men ønskjer at høvesvis deler eller heile vederlaget bør tilfalle aktuelle fylke eller kommunar.

*Finansnæringens Hovedorganisasjon* og *Sparebankforeningen* er samde i at aktørane skal betale noko tilbake til samfunnet, men ønskjer at ein vur-

derer «å fjerne konsesjonsordningen i sin nåværende form.» Samstundes peiker dei på at:

«Før det ilesges nye særegne skatter og avgifter på oppdrettsnæringen bør det etter vårt syn gjennomføres en prinsipiell vurdering av den samlede skattleggingen av oppdrettsnæringen, der en tar hensyn til konkurranseskraft og lokal- samfunn.»

*Fiskeridirektoratet* har lovtekniske innspel, og peiker mellom anna på at ordlyden i føresegna kan forenklast.

D e p a r t e m e n t e t vil presisere at spørsmålet om korleis vederlaget skal nyttast blir vurdert i samband med den enkelte tildelingsrunden og det aktuelle statsbudsjettet. Prinsippet om vederlag er ikkje nytt, og forslaget inneber ikkje ein gjennomgang av ordninga med løyve for havbruksverksemeld eller skatte- og avgiftsnivå. Når det giast rett til auka produksjonskapasitet, er det rimeleg at det kan takast vederlag for auken. Forslaget inneber difor at det, på lik linje med vederlag for nye løyve, òg vil vere mogleg å ta vederlag for auka MTB. I praksis betyr dette at det blir ein alternativ metode for gjennomføring av kapasitetsauke – i tillegg til tildeling av nye løyve, som seinast i tildelingsrunden i 2009.

D e p a r t e m e n t e t er samde med *Fiskeridirektoratet* i at det er tenleg å forenkle ordlyden, og departementet har endra ordlyden samanlikna med høyringsforslaget.

## 5 Økonomiske og administrative konsekvensar

For oppdrettarane vil den økonomiske konsekvensen tilsvare vederlaget for utvidinga i MTB på det enkelte løyvet.

For staten vil forslaget innebere høve til å ta vederlag for utviding av gjeldande løyve.

## 6 Merknader til føresegna i lovframlegget

§ 7 andre ledd fastset at departementet kan gi forskrift om vederlag for utviding av gjeldande løyve. Føresegna inneber at det, på lik linje med vederlag for nye løyve, også vil vere mogleg å ta vederlag for auka MTB.

Elles blir det vist til merknadene til § 7 første ledd bokstav e om vederlag for tildeling av løyve i Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) s. 61.

Fiskeri- og kystdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under  
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om  
lov om endring i akvakulturloven.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i akvakulturloven i samsvar med eit vedlagt  
forslag.

---

## **Forslag til lov om endring i akvakulturloven**

I

I lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur skal § 7  
annet ledd lyde:

*Departementet kan i forskrift gi nærmere bestem-  
melser om vederlag for utvidelse av gjeldende tillatelse.*

II

Loven gjelder fra 1. januar 2010.

---

---

